

Erfaringer og utfordringer med dagens system

Øystein Folden, NNV Møre og Romsdal

Eg har vore med i dette arbeidet sidan 2002. Dei første par åra brukte eg til å finne ut av korleis denne søknadsprosessen fungerte og korleis desse dokumenta skulle lesast. For det er stor skilnad på når ein møter desse søknadene første gong og når ein har halde på ei stund. Om det er ei trøyst så går det lettare etter kvart.

Kva er det som er viktig å setje seg inn i? Treng ein lese alle dokumenta? Kva er det eigentleg vi kan påverke? Kva er viktig og kva er uviktig?

Eg skreiv mine første fråsegner kring 2004. Søknadene i 2004 såg annleis ut enn i dag. Vedtaka også. Det er rett å seie at både søknadene og vedtaka har endra seg sidan den gongen. Eg er overtydd om at arbeid fleire friviljuge har gjort i seine nattetimar har gjort ein skilnad. Ikkje berre i nokre enkeltsaker, men også generelt for saksfeltet.

Kring 2005 tok eg litt statistikk. Eg fann 88 saker. Av desse 4 med avslag, men etter kvart viste det seg at 2 av dei var omgjort etter klage. Av dei 2 som faktisk var avslått var det eine eit prosjekt der elva kom med i verneplanen, så slik sett var det vel reelt sett berre eit avslag. Det var ei sak med dramatiske verknader. Avslagsprosent på kring 1 var jo ikkje så oppmuntrande.

I dag får vel kring 4 av 5 søknader ja, så sjansen for avslag er i dag vesentleg større. Det har blitt strengare, men vi ser også at vi no er komne til meir kontroversielle utbyggingar.

Dei som handsamar desse søknadene er NVE. Dei skal altså vege dei ulike omsyna så resultatet blir rett. Men vi skal også huske på at det er ei målsetting å produsere meir fornybar energi her i landet, og NVE er ein del av dette. Såleis vil nok Naturvernforbundet si vurdering av dette saksfeltet vere noko avvikande med kva NVE tenkjer. Det er eit av dei rammevilkåra vi vanskeleg kan gjere noko med, men som vi må vere merksame på.

NVE har utvikla malar og rettleiarar for søknadene om småkraftverk. Her er det gjort mykje bra arbeid. Desse sakene er når dei er gjort skikkelege mykje meir opplyste enn t.d. fiskeopprettssaker eller skogsvegsaker. Men i ein del saker blir det gjort innersvingar, og systemet er heller ikkje fullkome.

Ei småkraftsak kan delast opp i ein del tema.

Røyrgate og tilsåing

I den første tida skulle oppgravde område planerast og såast til. Det tok ei tid før ein fekk aksept for at berre stadeigen frøbank var aktuell, men dette er generelt greitt i søknadene no. No ligg største utfordringa i at inngrepet ikkje blir større enn nødvendig. Dessutan er det stor skilnad frå entreprenør til entreprenør. Nokre maskinkøyrarar klarer å sortere massene og til slutt får dei lagt på plass gamal overflatemasse på toppen, kanskje i levande tilstand. Andre roter til noko voldsamt og det blir berre tull. Attgroinga har mykje større sjanse for å bli bra fort når det er 20 fragment av røter og frø pr. rutemeter overflate enn når det er 20 rutemeter pr. fragment.

Vegbygging og tilsåing

Problemstillinga her er den same som for røyrgata, men med eit vesentleg unnatak. Kor mykje veg skal det vere i området når anleggsarbeidet er ferdig? I ein del saker bør det berre vere ein køyresterk vegtrase og ingen veg som er køyrbar anna enn med traktor og gravemaskin.

Dam og kraftstasjon

Ein må vere særleg merksam på fiskeførande strekningar av elva slik at ein kan optimalisere plasseringa av kraftstasjonen i forhold til det. Plasseringa av dam slik at denne ikke blir eksponert frå fjellet innafor er eit anna punkt som ofte er aktuelt.

Kabel frå kraftstasjonen

Nedgravd kabel er den vanlege løysinga. Dette pleier å vere bra. I nokre høve er det nødvendig å oppgradere delar av høgspennettet. Då vil det vere ein fordel om det kan kablast, eventuelt at det kan utførast med isolert leidning, slik at ein får redusert problematikken mellom anna for hubro. Ein del nettselskap har rekna på det og seier dei glatt tar ein kostnad på 100 kroner meteren meir for kabel sidan dei då slepp mykje enklare unna rydding av linetraseen.

Minstevassføring

Bortfall av vatn i elva er eit av dei inngrepa folk flest har lite forståing for betyr noko. Ofte er det også det største inngrepet.

I dei første sakene blei minstevassføringa sett til eit eller anna som var på nivå med det lågaste på årsbasis. No er det stort sett 5-persentilen som blir bruka, og det er skilnad på sommar og vinter. Det var viktig å få auka fastsett minstevassføring, sidan denne vil vere aktuell i mykje lengre periodar når det er regulert enn før. Minstevassføringa er ei marginaliserande faktor, og jo lenger periode, jo større verknad. Denne argumentasjonen brukte vi i ein enkeltsak for nokre år sidan, og etterpå har vi lagt merke til at prinsippet blir brukt generelt. Om det er tilfeldig, eller om dette kan reknast som ein av våre større sigrar skal eg ikkje seie noko om, men det var i alle fall oppmuntrande.

I verna vassdrag har NVE ofte praktisert at ein berre får ta 10% av vassføringa. Men vi har sett løyver på kring 50% i sidevassdraga til hovudstrengen. Her har vi ein del meir vi må få gjort.

Der fossesprutsoner er berørt er desse spørsmåla spesielt viktig. Kan hende har bruk av 5-persentilen gjort at det no blir gitt løyve i fleire saker enn om ein berre hadde den låge vassføringa. I så fall kan ein seie at auka til 5-persentilen også representerer eit problem.

Vegbygging og stille område

Område i naturen som ikkje har støy frå trafikk har det blitt veldig lite igjen av. I rikspolitiske retningslinjer for støy er kommunane pålagde å passe på at slike område ikkje blir borte. Det er også sagt at i urørtområde og liknande er det ikkje aksept for støy. Ein ny veg som går over dalkanten vil ofte eksponere slike stille område for støy. Ikkje nødvendigvis mykje eller ofte, men brukarane av området har ikkje styring med det.

Vi har sett saker der søknaden seier at vegen skal ha bom. Eit par år etterpå går det ein søknad til kommunen om at hytteeigarar i området må få køyre. Slik blir det oftast. Friluftslivet som ein del av dette får ikkje gjennomslag på klage, for kommunen tar visstnok i vare våre krav. NVE har sagt at slike ting blir regulert av anna lovverk. Men når resultatet blir slik har ein lagt til grunn eit inngrep utan trafikkstøy når NVE seier ja, og etterpå aukar inngrepet ved at trafikkstøyen kjem. Dette må vi få løyst, anten ved at bom på vegen kjem i konsesjonsvilkåra, eller at vegen over dalkanten ikkje blir køyrbar.

Sumverknad

I nokre høve blir fleire søknader i same område handsama av NVE samtidig. Dette er det næraste NVE kjem å vurdere sumverknad. NVE har jo sine databaser og bør kunne framstille kart som viser vassdrag som er regulert og ikkje i ein kommune eller region. Når såpass mange vassdrag etter kvart er utbygd må ein ha noko slikt viss ein skal få ein brukbar basis for å vurdere sumverknad. Det er NVE som har databasana, og dei bør kunne lage kartvedlegg som viser dette på lik line som det blir laga statistikk for vassføring o.l. Kartvedlegget bør følgje søknaden.

I rapporten om biologisk mangfald skal det også seiast noko om berørte naturtypar finst elles i området av liknande kvalitet. På dette området er rapportane veldig variable. Truleg er det berre eit fåtal rapportar som

er gode på dette området. Truleg blir ikkje dette punktet bra før ein får opplista vassdrag og lokalitetar med liknande eigenskapar.

Biologiske registreringar som ikkje held mål

Det finst ei rad firma som tilbyr biologiske registreringar. Kvaliteten på dei er frå glitrande til håplause. Når ein også har ramma på kartlegging for 20 000 kroner som ei slags rettleiing, gjer jo ikkje det saken betre.

Generelt vil kartleggingsfirma gå gjennom naturbase og artskart for å finne ut om det er gjort undersøkingar i området frå før. Då kan dei kome over naturtypekartlegging og anna tilfeldig materiale, men kvaliteten kan vere veldig varierende. Nokre kartleggingsfirma får jo ein del ut av dette, andre får nokre liner i rapporten utan at det fører til noko meir.

I tillegg må ein vente at det skjer ei synfaring. Oftast vil dette bli gjort på ein dag, dvs. ein tur oppetter elva og ein tur nedetter røytraseen. Kva får ein med seg på ein slik tur? Datoen for synfaringa vil ha ein del å seie. Fugle- og dyreliv er enklast å registrere vår og tidleg sommar. Ein del planteliv er gunstig midtsommar. Mykje av soppen ser ein berre om hausten. Mose og lav går stort sett bra så lenge det er barmark. Insekt har og optimalperiodar. Men generelt gjeld at ein del artar ser ein ikkje så mykje til viss ein ikkje følgjer området over noko tid med fleire besøk.

Kompetansen innan dei ulike artsgruppene er dessutan veldig forskjellig. Fugle- og dyreliv blir ofte svakt kartlagt som følgje av feil tidspunkt og lite tid i felt. Insekt blir ikkje kartlagt i det heile. Mose er det mange som ikkje kan nok om, og for lav er truleg kompetansen svært ujamn. Viss rapporten er nokonlunde bra så kan vi få eit inntrykk av om området har potensiale for raudlisteartar eller ikkje, men kanskje ikkje så mykje meir. I nokre få tilfelle er arealet godt kartlagt. Men det blir ganske sikkert gjort ein del utbyggingar der ukjent biologisk mangfald av høg verdi går tapt som følgje av dette.

Det er på tide at NVE og eventuelt andre gjør kontrollundersøkingar i ein del saker for å finne ut kva kvalitet ein har på den biologiske kartlegginga. Truleg er det fleire av dei som leverer slike rapportar som ikkje bør få lov til det før dei har betra kompetansen sin.

Sjeldne naturtypar

Etter kvart som ulike vassdrag blir lagt i røyr er naturtypen bekkekløft under stort press. Når vassføringa går ned blir det mykje mindre vasståke. Sjølv om det er minstevassføring og vasståke framleis, vil avstanden som blir påverka frå elva bli redusert og slike areal krymper. Om eit par tiår vil vi nok sjå at noko har skjedd på området, men kartlegginga er truleg for dårleg til å dokumentere veldig mykje av dette, og det er truleg i seinaste laget å gjere noko med det.

Elles ser ein av og til at utbyggingsområdet går gjennom "triviell natur". Det er i seg sjølv eit litt underleg omgrep, men når ein har bygd ut ei rad slike vassdrag, så kan sjølv triviell natur bli svært sjeldan og truga. Naturtypar må vi rett og slett prøve å lære oss meir om, både for å avsløre dei dårlege kartleggingsfirmaene, og få lagt inn nye opplysningar som vi sjølve kjenner til.

Detaljplanar

På ei rad felt vil det vere spørsmål som først blir avklara i detaljplanfasen. I denne fasen er det nesten berre NVE og søkar som har innsyn. Der det er gitt konsesjon i sårbare område bør vi truleg vere mykje meir aktive i denne biten. Truleg er det ofte slik at NVE er fråverande i lange periodar under anleggsarbeidet, og entreprenøren får styre seg sjølv. Kommunen trur at NVE følgjer med, og det trur vi også. Men så viser det seg at NVE kontrollerer at dokumenta er i orden og kanskje ikkje så mykje meir. Det burde ikkje ha vore slik, men truleg bør vi blande oss meir borti denne delen av prosjektet. Om vi klarer det bør vi sjå planane, og vi bør bruke området og ta bilete etter kvart som arbeidet blir gjort. Og vi bør sende bilete til NVE med spørsmål når noko ikkje ser bra ut. Då må NVE kome seg ut på anlegga for å sjå etter kva som skjer. Det vil truleg auke kvaliteten på arbeidet og redusere det faktiske inngrepet.

Utfordringane

Sumverknader, stille område, kvalitet på biologisk kartlegging og detaljplanar er nok område vi bør konsentrere oss om.

Kjennskap til biologisk mangfald er nok nøkkelen til mykje. Vår evne til å vurdere kva som finst av biologiske verdiar i eit område og om den dokumentasjonen som ligg føre er god nok er nøkkelord.

For å få kartleggarane til å bruke nødvendig tid på kartlegginga er vi nøydde til å lokke dei ut. Kan vi som amatørar gå over ein del potensielle områder der det kan kome søknader og så registrere det vi klarer å finne ut av, kan i alle fall gode kartleggingsfirma lettare finne fram til dei areala som bør undersøkast nærare. Eller for å vere konkret: Viss eg legg inn ei observasjonsliste på 30 planteartar på ein koordinat langs vassdraget, vil ein god biolog ofte vite om det er ein stad som har potensiale for meir. Viss eg gjer dette med korte mellomrom langs vassdrag, aukar eg sjansen for at godbitane blir funne av dei som kan dette mykje betre enn meg. Ein bieffekt av dette er ein del interessant turgåing til stader ein elles aldri ville ha gått. Og ei interesse for kva ein ser som gjer at ein over tid vil lære meir, og kanskje til og med kan bli ein retteleg god amatør på dette området. Så lenge vi held oss til dei artane vi har oversikt over kan vi heller ikkje få gjort noko gale. Skulle vi gjere feil vil ofte slike feil skjære litt ut, og ein god biolog vil i alle fall sjekke det opp før han godtar det. For oss er det tale om å finne ting. Det vi finn finn vi. Utbyggjar skal ved hjelp at biologen dokumentere at ting ikkje finst. Det er langt meir krevjande.

Eit mogleg tiltak for å auke vår eigen kompetanse er moglegvis å lage ei temaside på nettsida vår der vi går gjennom ein del aktuelle artar som kan vere nyttige å kjenne igjen. Bilete, ein tekst om kjenneteikn, økologi, indikatorverdi og moglege forvekslingsartar. Gjerne også lenker til aktuelle nettsider der ein kan finne meir. Ei utfordring til 4 personar som kan skrive ein slik sak kvar i månaden vil gje oss 50 artar i året og er truleg mogleg å få til. Alt etter eit år vil våre medlemmer ha betydeleg auka kunnskap på området.

Informasjon

Til sist må ein tenkje på å formidle vårt syn på saka slik at opinionen kan vere på vår side i så stor grad som mogleg. Blir vi sett på som særingar av folk flest, har vi oftast tapt saka.